Sunnfjord kommune
Halbrend Barnehage

# Møtereferat

## Samarbeidsutval Halbrend barnehage

| | | | |
|---|---|---|---|
| **Møtedato:** | **07.11.2022** | **Møtestad:** | Halbrend barnehage |

| **Møtt** | **Ikkje møtt** |
|---|---|
| Line Sunde Farsund- tilsette<br>Asiya Leonhardsen- tilsette<br>Beate Øvrebø- Sunnfjord kommune<br>Elise Midtbø Kårstad – foreldrerep.<br>Torstein Andreas Mundal – foreldrerep.<br>Lydia Gram – foreldrerep.<br>Sofie Huus Folkestad – foreldrerep. vara<br>Eva Omdal Følling-.einingsleiar<br>Kristina Mundal- ass. einingsleiar | Rebekka Wilhelmsen Solheim, meldt avbud, vara møtte |

| | | | |
|---|---|---|---|
| **Møteleiar**: | **Eva Omdal Følling** | **Møtereferent**: | **Kristina Mundal** |

| Sak nr. | **Sakstittel, omtale og konklusjon** |
|---|---|
| 22/04 | Godkjenning av saksliste og innkalling<br><br>**Innleiing:**<br>- Introduksjonsrunde<br>- Styrar presenterer SU sitt mandat og arbeidsområde (jf. PP)<br><br>**Godkjenning av saksliste og innkalling:**<br>- Merknad om feil namn i innkallinga. Torstein Andreas Mundal er representant, Rune Andrè Blom er vara.<br>- Styrar melder frå om ein ny sak under eventuelt: Juleferie<br><br>Innkalling og saksliste er godkjent. |
| 22/05 | Konstituering av samarbeidsutvalet<br>• Val av leiar<br>• Val av nestleiar<br>• Val av 2 medlem og 2 varamedlem |

| | |
|---|---|
| | Torstein Andreas Mundal valt som leiar (Himmelblå)<br>Elise Midtbø Kårstad valt som nestleiar (Solstråle)<br>Line Sunde Farsund- tilsette medlemm<br>Asiya Leonhardsen- tilsette medlemm<br>Rebekka Wilhelmsen Solheim (vara)<br>Lydia Gram – foreldrerep (vara) |
| 22/06 | 22/06 Dispensasjonssøknad pedagognorm<br><br>Barnehagen når ikkje pedagognorma per dags dato. Hovudårsaka er at vi ikkje har hatt ledige stillingheimlar for å tilsette pedagogar i.<br>På grunn av ei oppseiing må vi no søkje 120% dispensasjon frå norma. På grunn av mangel på barnehagelærarar i kommunen, blir stillingane ikkje lyst ut før våren 2023.<br><br>Med dispensasjonssøknaden må det ligge vedlagt ei uttale frå SU. Styrar presenterer eit forslag til uttale frå SU.<br><br>Forslag til uttale frå SU er godkjent. |
| 22/07 | Årsplan 2023<br><br>Styrar orienterer om ny felles mal for Sunnfjord kommune. Målet er at vi skal ta den bruk frå 2023, det vil sei at neste gong SU skal godkjenne årsplan vil det bli etter ny mal.<br><br>I første omgang vil vi ikkje gjer store endringar på innhaldet, men prøve å tilpasse noverande innhald til nytt format.<br><br>Ny mal vil ha<br><br>- same layout/design<br>- same overskrifter/overordna innhald<br>- ulikt innhald frå barnehage til barnehage, med ulike satsingsområder |
| 22/08 | Informasjonssaker<br><br>**Oppstart/tilvenning**<br><br>Styrar oppsummerer:<br><br>- Travel, men god<br>- Stor utskifting på småbarnsavdelingane<br>- Gode overgonger frå liten til stor avdeling<br>- Fornøgde med å kunne tilby nybyrjersamtaler før oppstart og overgangssamtaler. Viktig for foreldresamarbeidet.<br><br>SU stiller seg positive til nybyrjersamtale og overgangssamtale, uttrykkjer eit ynskje om at det skal fortsette.<br><br>**Personalsituasjon** |

| | |
|---|---|
| | Styrar orienterer:<br><br>- Starta hausten med ny styrar og assisterande styrar<br>- Styrar hadde lagt inn litt ekstra bemanning den første tida, noko som kom godt med grunna både kortidsfråvær, sjukmeldingar og ei oppseiing.<br><br>**Medarbeiderundersøking**<br><br>Styrar orienterer:<br><br>- Gjennomført i oktober 2022<br>- Barnehagen har nettopp fått resultata, men dei er ikkje presenterte for personalet. Vi skal ha ein felles gjennomgang av denne i nærmaste framtid, men først skal trepartsmøte avgjere korleis vi skal jobbe med resultatet.<br>- 93% svarprosent i Halbrend.<br><br>**Budsjett**<br><br>Styrar orienterer:<br><br>- Barnehagen har levert budsjett<br>- Lite spelerom. Driftsbudsjett er lite, mesteparten av budsjettet er knytt til personal og lønn.<br>- Matpengar som foreldra betalar kjem utanom.<br>- Fått signal om at matpengane må aukast, grunna stor auke i matprisane generelt.<br><br>**Visma flyt barnehage**<br><br>Barnehagen ynskjer tilbakemelding frå SU om korleis visma og bruken av appen fungerer:<br><br>- Fungerer fint, flott med kommunikasjon, bilder og oppdateringar.<br>- Barnehagen er veldig flinke til å legge ut bileter ofte.<br><br>**Foreldremøte**<br><br>Barnehagen ynskjer tilbakemelding på foreldremøte:<br><br>- Årets møte var veldig bra – erfaringsutveksling var veldig bra. Blei betre kjent med dei andre.<br>- Greitt å snakke i lag omkring bordet.<br><br>Styrar informerer om at SU kan ta initiativ til eit foreldremøte på våren, til dømes temamøter.<br><br>**Foreldreundersøking/brukarundersøking**<br><br>Annakvart år, neste gong i 2023. |
| 22/09 | **Eventuelt**<br><br>Innmeldt sak frå styrar: **Juleferie**<br><br>Tidligare har foreldra fått frist til 1.desember med å melde frå om juleferie. Barnehagen kunne tenkje seg å framskunde fristen, men ynskjer tilbakemelding frå SU på kva som er ein rimleg frist.<br><br>- Kan gjerne setje den tidligare, men fristen for å svare er litt kort. Sende ut påminning tidligare, slik at foreldra får lengre tid? |

| | |
|---|---|
| | - Nokre kan klare å svare tidligare, til dømes turnusarbeidarar.<br>- Kan vi setje ein tidligare frist for å få svar frå flest mogleg i første omgong, deretter ein frist nr. 2 kor vi purrar på dei som ikkje har svara?<br>- Lurt å flytte fristen lengre fram.<br>- Forståeleg at ikkje alle kan svare så tidlig.<br><br>På bakgrunn av tilbakemeldingane held vi på fristen rundt månadsskiftet, men vi etterspør ferie tidligare enn før. Sender ut første melding om ferie omkring 18.11. Dette gjev foreldra 14dagar til å svare. |

*Eventuelle merknader til referatet må sendast til referenten innan 10 dagar etter utsending.*